



Ove Toska
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6215 - 22/32930

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2022

Avvist søknad om Nytt tilbygg - gbnr 434/28 Grindheim

Administrativt vedtak.

Saknr: 475/22

Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype:

Daniel Brzostowicz
Ove Toska
Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om tilbygg avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad mottaken 30.06.2021.

Saka gjeld søknad om to tilbygg på eksisterande bustad.

Planstatus

Tiltak ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Radøy er definert som LNF.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Avstandskrav til nabogrensa for skildra tiltak er 4 meter, jf. Pbl.§29-4. Tilbygg er plassert nærmare nabogrense til gbnr.434/9 enn 4 meter. Søknad inneheld ikkje samtykke frå nabo for plassering av tiltak nærmare enn 4 meter frå nabogrensa. Det er heller ikkje søkt om dispensasjon frå avstandskravet i pbl.§29-4.
2. Det går ikkje fram av opplysningsskjema i nabovarsel at det er varsla om dispensasjon frå arealføremål LNF. Det er naudsynt med ny nabovarsling som viser til at tiltak krev dispensasjon. Sjå pbl.§21-3 og byggesaksforskrifta (SAK10) §5-2.
3. Søknad inneheld ikkje informasjon om samla bruksareal (BRA) for eigedom, eller BRA for dei nye tiltaka.
4. Teikningar syner ikkje mønehøgde for eksisterande bygg eller nytt tiltak. Teikningar bør innehalde informasjon om dette, jf. SAK10 §5-4 bokstav m).
5. Det er ikkje lagt ved gjennomføringsplan ved søknad. Krav om gjennomføringsplan følgjer av SAK10 §5-3.
6. Det er noko uklårt etter eksisterande søknad om det er søkt om riving av eksisterande bygningar på eigedomen. Det er vist til at enkelte bygg skal rivast på situasjonskart.

Dersom det er ynskja at kommunen skal handsame søknad om riving må dette presiserast, og naudsynt dokumentasjon for handsaming av dette som tiltak må sendast inn med søknad.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming. Eventuell ny søknad må innehalde etterspurt dokumentasjon.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

| | | | |
|--------------------|-------------------------|------|--------|
| Daniel Brzostowicz | Grindheimsveg en 125 | 5936 | MANGER |
| Ove Toska | | 5936 | MANGER |